



Svein Magne Krossnes  
Flatøyvegen 85  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/452 - 23/29332

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
18.04.2023

## **Manglande opplysningar ved søknaden - parkering til naust gbnr 1/2 Flatøy**

Tiltak: dispensasjon - parkeringsplass  
Byggjestad: Gbnr: 1/2  
Tiltakshavar: Svein Magne Krossnes  
Ansvarleg søkjar: Svein Magne Krossnes

Kommunen syner til søknad om dispensasjon motteke 13.01.2023 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av søknaden.

Søknaden manglar målsatte snitt-, profilteikningar. Det er uklart omfanget på terrenginngrep. Slik statsforvaltaren uttaler seg i vedlagt skriv av 14.02.23, har storleik på inngrep avgjerande betydning for dispensasjonen. Om terrenget ikkje skal endrast meir enn 3 meter, så trengast ikkje søknad om byggjetiltak, kun dispensasjonen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan 10.05.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Uttale - Dispensasjon - gbnr 1/2 Flatøy - parkeringsplass

**Mottakarar:**

Svein Magne Krossnes  
Svein Magne Krossnes

Flatøyvegen 85  
Flatøyvegen 85

5918 FREKHAUG  
5918 FREKHAUG